

Symra/Kvisten er 2 bufellesskap i omsorgsbustader med heildøgns omsorg ved Stryn Omsorgssenter.

Symra/Kvisten er ikkje avdelingar i institusjonen.

Som bebuar her er du framleis å rekne som heimebuande.

Bustadene vert tildelt sokjarar som

- har eit særskilt stort omsorgsbehov
- har prøvd ut hjelpetiltak i heimen, og det er funne utilstrekkeleg til at brukar kan klare seg ute i eigen heim

Kvar avdeling har 2 einingar med 10 plassar i kvar. Bebuarane disponerer eit eige rom med bad, samt felles kjøken og stove.

Rommet inneholder 2 kleskap og gardiner. Du tek med private møblar og bilder for å sette ditt preg på rommet.

Har du hjelphemiddel du brukar i det daglege, må desse vere med når du flyttar inn. Det kan til dømes være sjukeseng, rollator, rullestol m.m.

Målsetjinga er at du skal få den individuelle omsorga du til ei kvar tid treng med tilpassa aktivitetar.

Det vert skrive husleigekontrakt. Du betalar husleige og eigenbetaling for tildelte tenester. Betalings-satsane for alle tenestene blir vedtekne av kommunestyret.

Du kan søkje Husbanken om bustønad.

Når du flyttar inn i bustaden din får du tildelt ein primærkontakt som blir din kontaktperson i avdelinga.

Helsetenester:

Du har fastlegen/tannlegen din som tidlegare. Eventuelt følgje til timar organiserast i samarbeid med dine pårørande.

Fastlegen din har framleis det medisinske ansvaret for deg, og er den som forordnar medisinar og evt. behandling. Personalet i avdelinga hjelper deg å følgje legen sine forordningar, som f.eks å bestille inn medisinar og administrere desse.

Telefon/TV/internett:

Telefon: Du har din eigen private mobiltelefon i bustaden din.

TV: Dersom ein ønskjer å ha tilgang til TV via nettet må ein inngå avtale med Enivest om dette. Det er TV-Telia som vert tilbydd gjennom Enivest. Abonnement på tilleggstenester som TV må de sjølve bestille og seie opp hos Enivest. Det er muleg å nytte gratiskanalane som NRK utan å ha tv-abonnement.

Internett: er inkludert i husleia

Vask og merking av privat tøy

Private kle kan vaskast i avdelinga. Kleda må tåle vask på vanlege maskinprogram. Kle som krevjer handvask eller anna særleg behandling, må vaskast privat.

Alle private kle du har med ved innflytting, og kle du får etterkvert, må du merke med namnet ditt. Unngå å bruke initialar.

Private forbruksvarer som til dømes toalettartikler må du skaffe sjølv.

Private eigedelar/pengar og verdisaker

Du er sjølv ansvarleg for pengar og eventuelle verdisaker du tar med deg inn i bustaden din.

Bebuarar på Symra/Kvisten må teikne eigen innboforsikring.

Andre tilbod ved omsorgssenteret:

Frisør og fotpleiar har salong i første etasje på omsorgssenteret. Dei er her om lag kvar 14.dag. Du kan melde ifrå om ønskjer til personalet, så blir du notert i timeboka. Dette er tenester du må betale for.

Fysioterapeut har kontor på omsorgssenteret. Her kan du få fysioterapitester dersom du har behov for dette. Denne tenesta har eigenandel.

Dagtilbodet Buketten er eit gratis dagaktivitets-tilbod for bebuerar ved bufellesskapet. Du kan ha avtale om å bruke tilbodet kvardagar frå ca kl 11 – 15, eller komme til aktivitetar og arrangement du ønskjer å ta del i.

Kontaktinformasjon

Symra Aust: 47 45 11 51

Symra Vest: 45 97 05 83

Kvisten Aust: 47 45 07 71

Kvisten Vest: 45 97 05 82



www.stryn.kommune.no

[Sentralbord: 57 87 47 00](tel:57874700)

postmottak@stryn.kommune.no



STRYN KOMMUNE

**Velkommen til
Symra/Kvisten**

**Heildøgnsbemanna
omsorgsbustader i bufelleskap**